



KYSTVERKET

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår ref  
2021/5354-2

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Turid Susort Jansen

Dato  
11.05.2021

## Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindås til uttale - gnr 70 bnr 27 m. fl. Feste - Alver kommune - Vestland fylke

Syner til brev av 23.4.2021 vedkomne ovannemnde.

Kommunen har mottatt søknad om dispensasjon frå kommuneplan sin arealdel for å legge ut ny flytebrygge ved Feste kai.

Saka har ein historikk. Kystverket retta den 17.7.2018 motsegn til reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde, med planid 1263-201609 i Lindås kommune. I følge dykkar brev, av 23.4.2021, har Statsforvaltaren i Vestland nå oppheva kommunen sitt vedtak om godkjenning av detaljplanen for Feste kai og næringsområde.

Søkjjar har ved fleire høve fått attendemelding om at tiltaket ikkje må komma ut i areal til farleia jf. *Forskrift om farleder*. Vedlagt vår attendemelding i saka datert 20.2.2019. Tiltaket krev og handsaming etter havne- og farvannslova.


I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Farleiene med naudsynt arealet skal i størst mulig grad sikre seglingsmønsteret til skipstrafikken. Arealet til farleiene er vurdert ut frå dei kurslinjene fartøya nyttar. Det må vera tilstrekkeleg avstand til fysiske hindringar for sikker navigasjon. Bredda på farleia har verknad på manøvreringa i farleia. Naudsynt areal til manøvrering aukar med skipstype, trafikk tettheit og trafikkbilde, og fleire andre forhold. Ei avgrensing i bredda i farleia kan føra til auka risiko for skipstrafikken.

Like utanfor Feste kai går farleia «Alversund-Fonnesstraumen». Denne farleia ved Feste, som er ein del av den indre kystleia, er smal og vert trafikkert av fleire typar fartøy av ulik storleik. Ut frå trafikkbildet og seglingsforholda gjekk Kystverket motsegn til reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde. Kystverket trekte sitt motsegn under føresetnad om at om ny flytebrygge i sin heilhet måtte ligge innanfor kommunen sitt sjøområde og ikkje ut i arealet til farleia. Småbåthamna med ny flytebrygge kan difor ikkje koma lengre ut i enn kva eksisterande flytebrygge allereie gjer.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766





Feste kai med eksisterende flytebrygge. Bildet er tatt fra hurtigbåt som daglig trafikkerer i farleia.

Farleia med farledsareal er vist med grønt skravert område i bildet til venstre nedanfor:



Eksisterende flytebrygge ligg heilt inntil farleia og naudsynt areal for skiptrafikken. Av situasjonsbeskrivinga ser det ut som om ny flytebrygge vert lagt utanfor eksisterende flytebrygge, dvs. kjem inn i areal til farleia.

**Kystverket går i mot at Alver kommune gir dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til etablering av småbåthamna. Ny flytebrygge kan ikkje koma ut i farleia, dvs. grønt skravert areal i bildet ovanfor.**

Kystverket etterspør nøyaktige koordinatar for ytterpunkt på ny flytebrygge for å koma kommunen i møte.

Med helsing

Jan Morten Hansen  
avdelingsleder

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

BERGEN HAVN FARVANNNSFORVALTNING IKS Postboks 6040 5892 BERGEN